



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Lilli Mjelde - 55516439

Vår referanse:
2013/011120-159

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.09.2014

Rv. 555 Sambandet Sotra - Bergen - Kolltveit – Storavatnet. Reguleringsplan. Varsel om utviding av planområde. Høyringsinstansar

Statens vegvesen viser til tidlegare varsling om oppstart planarbeid 30.04.2013.

I samråd med Fjell kommune, vil Statens vegvesen Region vest varsle om utvida planområde mot nord i Kolltveit/Beinastaden området. Grunngevinga er at ein i løpet av planprosessen har kome fram til ei kryssutforming og løysing for tilknytning til fv 561 mot Ågotnes og fv 555 mot Sund som krev utviding av planområdet. Det er og teke med areal for tilknytning for gang- og sykkelveg mellom bustadområder i Kolltveitområdet og planlagde busshaldeplassar i det nye Kolltveitkrysset samt god og trygg tilgjenge til turområda ved Storavatnet og vidare vestover.

Varsling skjer i medhald av Plan og bygningslova § 3-7 og §§ 12-3, 12-8 og 12-14.

Kva saka gjeld

Saka gjeld varsling av utvida planområde knytt til arbeid med reguleringsplan for nytt vegsamband mellom Sotra og Bergen.

Utvidinga gjeld reguleringsplanen for ny rv 555 i Fjell kommune frå Kolltveit til Bergen kommunegrense. PlanID 20130001 362DP.

Tiltakshavar er Statens vegvesen Region vest. Planmyndigheit er Fjell kommune.

Generelt om sambandet

Det nye riksvegsambandet skal vere 4 felts riksveg. Den totale lengda mellom Kolltveit og Storavatnet er ca 9 km. Reguleringsplanane skal innehalde løysingar for både vegsystem (hovudveg + tilførselsvegar), kollektivsystem og gang/sykkelvegnett. Veganlegget omfattar veg i dagen, tunnelar og bruer – mellom anna ei ny 4 felts bru mellom Sotra og Bergen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 Fyllingsdalen

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Området for planutviding

Utvidingsområdet omfattar nytt kryssområde mellom det nye sambandet (ny rv 555), fv 561 til Ågotnes / Øygarden og fv 555 til Sund, og inkluderer framlegg til løysing for korleis fylkesvegane vert ført inn i krysset. Løysing for kryssområdet er basert på vegtraséen i vedteke kommunedelplan for fv 561 Kolltveit-Ågotnes, Sotra nord. Kryssutforminga vil vere eit første byggetrinn i gjennomføringa av det planlagde veganlegget nordover.

Utvidingsområdet omfattar og løysing for buss og busshaldeplassar, gang- og sykkelsamband langs fylkesveganlegga, mot bustadområda langs Kolltveitvegen og samband til turområda i vest. Det skal og inn parkeringsplassar innanfor planområdet for brukarar av tur- og rekreasjonsområda i vest.



Oversiktskart som viser tidlegare varsla planområde og utvida planområde i Fjell kommune

Planutvidinga omfattar eit større planområde enn det framlegg til reguleringsplan vil omfatte. Det er grunngeve i ønsket om å varsle grunneigarar og naboar innanfor eit stort nok område som kan verte rørt av nytt riksvegsamband med tilhøyrande anlegg i Kolltveit- / Beinastadenområdet og få innspel / merknader frå dei.

Finansiering og framdrift

I Nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2014-2023 ligg Sambandet Sotra-Bergen inne med 7 mrd. kr der 2 mrd. kr er statlege midlar og 5 mrd. kr er føresett bompengefinansiering.

Det vert framleis arbeidd ut frå ein framdriftsplan med mogleg planvedtak i 2015. Byggestart er venta i slutten av 2017 og ferdigstilling i slutten av 2021. Dette føreset vedtak i Stortinget om finansiering av veganlegget i 2016.

Offentleg ettersyn og frist for merknader og innspel

Varsel om planutviding ligg ute til offentlig ettersyn i perioden 27. september til 26. oktober 2014 på Fjell rådhus i Straume og hos Statens vegvesen i Spelhaugen 12 i Fyllingsdalen.

Frist for å komme med merknader og innspel til varsel om planutviding av reguleringsplanen for ny rv 555 i Fjell kommune frå Kolltveit til Bergen kommunegrense. PlanID 20130001 362DP, er sett til 26. oktober 2014.

Alle merknader og innspel til planarbeidet skal sendast skriftleg til Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger eller på epost til; firmapost-vest@vegvesen.no.

Alle merknader som kjem inn, vil følgje saka vidare og vere del av grunnlaget for utarbeiding av reguleringsframlegget.

Spørsmål om prosjektet og planutvidinga kan rettast til:

Statens vegvesen v/Magnus Natås, tlf 55 51 64 11
Statens vegvesen v/Lilli Mjelde, tlf 55 51 64 39
Fjell kommune v/Willy Sørensen, tlf 55 09 60 00


Saksdokument

Saksdokumenta ligg på vegvesenet sine internettsider www.vegvesen.no/vegprosjekter/sotrabergeren. Dei ligg og på Fjell kommune sin internettside: https://www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Planar/Sotrasambandet/.

Dei viktigaste saksdokumenta er:

- Kart som viser planutvidinga og tidlegare varsla planområde i Fjell kommune, revidert 15.09.14
- Tidlegare varsling om oppstart planarbeid, brev frå Statens vegvesen datert 30.04.2013

Statens vegvesen Region vest
Med helsing



Magnus Natås



Lilli Mjelde

Kopi: Fjell kommune, Postboks 184, 5353 Straume
Bergen kommune, Byrådsavdeling Byutvikling, klima og miljø, Postboks 7700, 5020
Bergen